



OSTERØY KOMMUNE  
Økonomi

FINANSDEPARTEMENTET

3 0. SEP. 2004

Saksnr.  
Arkivnr.

04, 1847-210

Det Kongelige Finansdepartement  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

FINANSDEPARTEMENTET

3 0. SEP. 2004

Saksnr. Løpewåg  
Arkivnr. 28.09.04

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
04/1283-4 MAV

Arkiv:  
N-111

## HØYRING OM SKATTEOPPKREVERUTVALGETS UTREDNING NOU 2004:12 BEDRE SKATTEOPPKREVIING

Osterøy heradsstyre handsama 22.09.04 sak 062/04 ang høyring om skatteoppkrevjarutvalet si utgreiing om betre skatteoppkrevjing:

### Det vart fatta slikt samrøystes vedtak:

”Osterøy heradsstyre tilrår at skatteoppgåvene som går fram av NOU 2004:12 framleis vert utført av kommunane. Heradsstyret kan ikkje sjå at ei statleggjing av oppgåvene vil gje betre resultat og meir kostnadseffektive løysingar enn det kommunane oppnår i dag.”

### Frå saksutgreiinga:

#### SAMANDRAG

Skatteoppkrevjarutvalet leverte innstilling i NOU 2004:12, 12. mai 2004. Saka er ute til høyring med høyringsfrist 1. oktober. Utvalet leverte delt innstilling der fleirtalet ville statleggjera skatteinnkrevjinga, medan mindretalet, som var dei kommunale representantane i utvalet, meiner at framleis lokal skatteinnkrevjing under kommunalt ansvar er den beste løysinga.

Det er mange faktorar som talar for framhald av kommunal skatteinnkrevjing. I tillegg kjem at konsekvensane av ei eventuell statleggjing ikkje synast godt nok utgreidd. Å eksperimentera med nye statlege organisasjonsmodellar er ikkje modernisering av offentleg sektor.

#### FAKTA

Den norske skattebetalingsordninga er basert på ei klar arbeidsdeling mellom likningskontora og skatteoppkrevjaren. Det er dokumentert at den norske skattebetalingsordninga kan syne til resultat i verdsklasse, med løysingsgrad mellom 99% og 100% av utlikna skatt. Resultata kan truleg verta endå betre og løysingane meir kostnadseffektive med nokon av forbetningsforslaga som utvalet lister opp, men det kan skje innanfor dagens modell. Evt overgang til statleg innkrevjing vil medføra store overgangskostnader og effekten er høgst usikker.

Postadresse:  
5282 LONEVÅG Tlf: 56 19 21 00  
Org.nr. 864.338.712 Faks:56 19 21 01


E-post:  
post@osteroy.kommune.no

Sakshandsamar:  
Magne Verpelstad  
Tlf: 56192151

## RÅDMANNEN SI VURDERING

Med dagens ordning har ein hovudsakleg eit skatteoppkrevjarkontor i kvar kommune, i tillegg til ein del kommunesamarbeid. Osterøy og Modalen kommunar samarbeider på dette området. Kommunal innkrevjing medfører god kommunikasjon og gode resultat. Løysingsgraden i det norske skattebetalingssystemet er i verdstoppen. Kommunale skatteoppkrevjarar klarar å krevja inn mellom 99% og 100% av utlikna skatt. Små kommunar har like gode innkrevjingsresultat som store kommunar. Verknaden ved ein evt overgang til statleg innkrevjing er usikker, og synast mangelfullt utgreidd. Store overgangskostnader tilseier at ein burde vera sikker på positive effektar både når det gjeld økonomi, rettssikkerhet og brukerservice. Ein kan ikkje sjå at dette er dokumentert. Samla sett tilseier dette at kommunen bør gje ei høyringsuttale som støttar framleis kommunal innkrevjing. Alternativet vil vera å gje uttale som støttar statleggjering eller å ikkje gje uttale i det heile.

Med helsing

  
Magne Verpelstad  
Økonomisjef

Postadresse:  
5282 LONEVÅG Tlf: 56 19 21 00  
Org.nr. 864.338.712 Faks:56 19 21 01

E-post:  
post@osteroy.kommune.no

Sakshandsamar:  
Magne Verpelstad  
Tlf: 56192151